

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

Nr. 3 - JUNI 2009 41. årgang




Ny prost i Jæren
prosti

SIDE 6



Solstreif på kyrkje-
torget

SIDE 8



Kyrkjelydstur til
Oberammergau

SIDE 10

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00-14:00

heirneside: <http://www.time-kyrkja.no>

e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no

telefaks 51 77 03 60

Kyrkjekontoret, Parkvegen 2

Prost Kjell Børge Tjemsland tlf. 41 63 80 48

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 91 15 71 05

Prostiprest Gunnar Frøyland tlf. 95 87 38 47

Kateket: Ingrid Time Nærland tlf. 51 48 40 69

Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 91 16 30 39

Sekretær Bryne sokneråd:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 43 78 16

Sekretær Time sokneråd:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 43 78 16

Sekretær Undheim sokneråd;

Herdis Lindal tlf. 48 02 73 04

Sekretær: Kari W. Ødegaard tlf. 51 77 03 77

Sekretær: Siri Vik tlf. 51 77 03 76

Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland tlf. 90 19 38 25

Konsulent Tor Aase tlf. 51 48 34 82

Prosjektleiar trusoppplæring:

Jorunn M. Ueland tlf. 51 48 85 10

Time kyrkje og kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Bryne kyrkje tlf. 51 48 28 08

Time

tlf. 51 48 32 84

Organist: Oddny Underhaug tlf. 51 48 25 31

Kyrkjetenar: Marit Undheim tlf. 51 48 43 09

Soknerådsleiar: Amund Undheim tlf. 51 48 43 09

Bryne

tlf. 51 48 28 08

Kyrkjelydsprest: Leif Oscar Reiestad tlf. 41 27 28 62

Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth tlf. 99 61 91 21

Organist, Per Olav Egeland tlf. 51 48 66 68

Klokkar Leif Andenes

Soknerådsleiar: Inger Kristine Løge tlf. 51 48 59 56

Barne- og ungdomsarbeidar:

Jorunn Pettesen tlf. 51 77 03 68

Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>

Ungdomsprest: Ole Tørring tlf. 95 17 89 71

Leiar forsamlingsstyret:

Liv Heidrun Skaar Heskestad tlf. 51 48 86 70

Undheim

tlf. 51 48 68 20

Prest: Per Børge Hillestad tlf. 93 44 29 19

Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 51 48 45 55

Soknerådsleiar: Steinar Sandvik tlf. 51 48 42 22

Ungdomsarbeidar: Anders Undheim tlf. 90 18 59 69

Besøk vår nettside:

www.time-kyrkja.no

e-post:

helgedagen@time-kyrkja.no

Til ettertanke



Leif Oscar Reiestad

Ungdomsprest

Det er sommer. Ferietid for mange av oss. Endelig har vi god tid!

Jeg rusler en tur til butikken. Det er rart hvor annerledes alt ser ut når vi har god tid. Plutselig legger jeg merke ved så mye rart. Jeg ser fargene i grøftekanten og fantasidyr i skydekket som er i ferd med å sprekke opp. Jeg kjenner duftene av nyklippet gress og våt asfalt. Jeg hører barn som hopper på trampoline. Alt var der også før ferien, men nå ser jeg det, hører det, kjenner det. Jeg har god tid.

Jeg er fremme ved butikken. Der oppdager jeg de andre kundene jeg som regel ikke enser, kassadama jeg alt for sjeldent har smilt til og loddselgerne jeg alt for ofte "ikke la merke til".

Dørene åpner seg og jeg tar et dypt drag av den varme sommerlufta. Jeg setter meg ned på steinmuren utenfor butikken, lener hodet bak mot butikkveggen, lukker øynene og lar sola fullføre terapitimen. Jeg har god tid! Tid til å filosofere litt: Hadde Jesus god tid? Jeg kommer frem til at svaret må være nei. Stadig var det mennesker som ville snakke med ham, diskutere med ham, bli helbredet av ham. Det er til og med tekster i evangeliene som forteller at Jesus sier nei til å hjelpe og helbrede folk. Han måtte prioritere knallhardt for å få gjort det han var kommet for å gjøre. Men likevel: Han tok seg tid til å se! Han så Sakkeus i treet. Han så den blinde Bartimeus. Selv i sin verste lidelse så tok han seg tid til å se på og vise omsorg for røveren på korset ved siden av seg. Men Jesus tok seg også tid til seg selv. Evangeliene forteller at Jesus noen ganger trakk seg tilbake for å være alene og for å be.

Jesus er vårt forbilde i å ta harde prioriteringer, men også når det gjelder å ta seg tid. Ta deg tid til å kjenne, lytte og se den verden Gud har satt deg inn i og ta deg tid til deg selv. God sommer!

Leif Oscar Reiestad

Tidlegare generasjonar brukte bibeltektar og kristne symbol på godt synlege plasser i heimane sine. Dette tykkjer den nye prosten er ein god arv å ta med seg vidare

Framsida på Helgedagen denne gongen er eit vakkert eksempel. Fadervår er sett på papyrus dekkav bladgull, signert Petter Mohn, og har plass i stova hos prost Anne Sofie Haarr. Foto: Liv Ragnhild Lassen.w

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else- Marie Bue, Liv Øyre Helene Håland, Oddny Underhaug Gunnar Frøyland og Gabriel Tengsareid.

Layout og trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til gabriel.tengsareid@lyse.net og må vera oss i hende fredag 14.august Neste nr. kjem ut ca. 7.september.



Kristin Kvamme er frå Oldedalen i Stryn kommune. Dei siste ti åra har ho budd på Bryne



Ein Salme

Blå salme

Jeg synger meg en blå, blå salme
når dagen svinger hatten til farvel
og ror med sakte åretak mot strender
dit alle dager ror når det blir kveld.

Da søker jeg min hvile
ved treets trygge rot
mens sankthansormer gløder grønt
i gresset ved min fot.

Da synger jeg min salme.

Jeg synger meg en blå, blå salme
og takker for all grøde som ble min.
For lyse døgn, for barneskritt i tunet
og dine gode kjærtegn mot mitt kinn.

“Salmar til alle tider” er tittelen på eit program på NRK radio seint kvar søndags kveld. Ordet – tider – får meg til å tenkje på år, men også skiftingane vi møter i livet som sorg, glede, mot og motløyse, arbeid og kvile. Ein song- og salmeskatt gir mot og håp.

Så kunne eg ha valt ein salme frå salmeboka av både gammal og nyare dato, for utvalet er stort. Men så dukkar denne ettertenksame salmen opp med si vare framtoning. Den stig inn og blir verande. Tekst og tone er som

gode vener. Ikkje store ord, men ord som skaper berøringar i sinnet.

Det er ein salme som skaper fred i ein strevsam kvardag. Vemod og sakn får plass for ei stund, så blir den sterke “Hånd” synleg. Rett ryggen.

Erik Bye blei kalla “kjempen”, og slik kan ein kjempe skrive. Vårt, sårt og stolt. Tonen som er laga av Henning Sommerroe gjer salmen til ein skatt, - i alle fall for meg.

Men òg for våkenetter
som aldri unte ro
men gav min dag et dunkelt drag
jeg aldri helt forsto.
Nå synger jeg min salme.

Jeg synger meg en blå, blå salme
til deg, du Hånd som sanker og som sår
og senker deg med signing over jorden
med legedom for alle våre sår.
Som byr oss rette ryggen,
stå opp og gå i strid.
med løftet hode skal hver sjel
gå inn i Herrens tid.
Så synger vi vår salme

Erik Bye

NYTT FRÅ IMMANUELSKYRKJA

Laurdag 25. april blei den nye presten, Christian Rasmussen (29), innsett til tenesta i Immanuelskyrkja i Tel Aviv/Jaffa. Bryne kyrkjelyd støttar denne kyrkjelyden gjennom misjonsprosjektet for Israelsmisjonen. Gudstenesta blei leia av misjonsprest Otto Høvik som nå er vikarprest i ein overgangsfase. Christian Rasmussen hadde preika og sjølv innsetjinga var ved generalsekretær Rolf Gunnar Heitmann

Christian er dansk prest og tar over prestetenesta i kyrkja etter Jan Mortensen som har reist heim til Danmark etter fleire års teneste i Israel. På bloggen sin skriv Christian og kona Lisbeth at kyrkja dei har kome til er “en luthersk menighed, som består af en dejligt farverig forsamling mennesker”. Du kan bli betre kjent med den nye prestefamilien på bloggen Nytt fra Jaffo (<http://lischris.blogspot.com>).

Arne Berge

Sundag 14 juni kl.11:00 Friluftsgudsteneste på Tingvollen, Lye.

Kulturhistorie, vandring, Jærklang og Vibå spelemannslag.

Pilegrimsvandringar i Jæren Prosti langs den gamle kongevegen i Hå

Jonsok,
onsdag 24. juni kl 18:00
ved Roald Byberg.
Frå Tusenårsplassen ved Obrestad
hamn til Kristkrossen på Njærheim

Olsok,
onsdag 29. juli kl 16:30
ved Stein Ødegård.
Frå Tusenårsplassen ved Obre-
stad hamn til Varhaug kapell.
Friluftsgudsteneste på den
gamle kyrkjegarden kl. 19.00

Sundag 16. august kl 14:00
ved Anne Sofie Haarr.
Frå Hå gamle prestegard til
Kristkrossen på Njærheim.
Tilrettelagt for heile familien

Nærare informasjon: Time kyrkje-
kontor: tlf 51770377.
Sjå og www.time-kyrkja.no
Gjesdal kyrkjekontor tlf. 51 611330
Klepp kyrkjekontor tlf. 51 789555
Time kyrkjekontor tlf. 51 770377
Hå kyrkjekontor tlf. 51 436210

Onsdag 19. august kl. 19:00 om NMS-gjenbruk

Informasjonsmøte i Peise-
stova i Bryne kyrkje. Der er alle
velkomne! Set av kvelden nå.
Sjå også orienteringa side 11

Onsdag 19.august kl. 19:30 i Bryne kyrkje

Første øving med Jærklang
etter sommaren
Nye medlemmer er velkomne.
På jubiléumskonserten Jærklang
hadde 28.mars i Bryne kyrkje kom
det inn kr.25600,- til NMS- barne-
og ungdomsarbeid på Madagaskar.
Takk til alle som var med og ga.

Fredag 21. august kl. 19:00 Salsmesse på Eikeland skule

Andakt ved Kjell Børge Tjemsland
Song av Toril Egeland
Sal av grønsaker, Israelsprodukt m.m.
Lynutlodning til Israelsmisjonen
Sal av mat og kaffe
Alle er velkomne!

Sundag 23.august kl. 11:00 Friluftsgudsteneste

ved Fotlandsfossen.
IMF brass Bryne . Fotlandstemne

Sundag 23. august kl. 19:00 Visjon for Bryne kyrkjelyd

Bryne kyrkjelyd sin visjon om å
vera "den opne famns kyrkje" vert
tema for kveldsgudstenester til
hausten då kyrkja fyller 30 år.
Temaserien opnar med "visjonsguds-
teneste" sundag 23.august kl.19.00

Sundag 23. august kl. 19:00 Fotlandstemne

Fotland bedehus
Tale, song, mat og kaffe
Alle er velkomne!

Sundag 6. september kl. 19:00 Lye forsamlingshus

Samlingsfest for
NMS-foreiningane i Time

Tysdag 8. september kl. 19:30 Kulturkveld med biskop Thomas i Bryne kyrkje

Vi får besøk av biskop Thomas
frå den koptiske kyrkja i Egypt.
Jærklang syng. Set av kvelden

Lørdag 19. september kl 18:00 Bryne kyrkje 30 år. Jubiléumsfest

Festtalar Ingvar Fykse, tide-
gare sokneprest i Time.
Set av dagen.

Sundag 20. september kl. 11:00 Hausttakkefest i Hagne- stadhallen

Leik og aktivitetar. Fotland barnehage
og Fotland sundagsskule. Presenta-
sjon av Hognestad konfirmantane



I 2009 vert Time

kyrkje 150 år

Me feirar kyrkja vår med ulike arrangement!

Sundag 14. juni kl. 11:00

vert det gudsteneste på Tingvollen

På Lye prestegard finn me ei rekke fornminne. Eit av desse er Tingvollen. Tingvollen ligg til høgre, omlag

hundre meter frå vegkrossen på Lye, der vegen mot Vestly og kyrkja tek av frå riksvegen som går til Ålgård. Godt hundre meter lenger sør, opp mot Vestly, ligg Smedgrava som er eit anna spennande fornminne.

Vibå spelemannslag tek imot oss med friske tonar. Elevar og lærarar frå Lye og Vestly skular gjev oss glimt av historia til Tingvollen og til Smedgrava. Torgeir Siqveland bles i luren, og me samlast til gudsteneste. Jærklang vert med og syng for oss og med oss.

Etter gudstenesta går me om Smedgrava til Vestly skule. Her vert det sal av mat. Lye skulekorps spelar. Fylkeskultursjef Egil Harald Grude kåserar om Livet på prestegarden. I meir enn 600 år var prestegarden det kulturelle senter i prestegjeldet som strekte seg

over kommunane Time og Gjesdal.

Denne sundagen ønskjer me saman å koma fram for Gud i takk og bøn. Og på same tida ønskjer me å spreia litt kunnskap om og vekka interesse for den rike historia til staden me bur på.

Praktisk.

- Dei som kjem med bil parkerar ved Coop Lye og går dei få metrane til Tingvollen.
- Ta med stol eller sitteunderlag.
- Terrenget kan vera fuktig så tenk på det i val av skotøy. Elles får me kle oss etter veret.
- Me reknar med å avslutta til kl.14:00

Sjølvsagt satsar me på godt ver, men vert det ikkje ute verande, ja då får me husrom på Vestly skule.

Sundag 23. august kl. 11:00 vert det gudsteneste ved Fotlandsfossen

Medan kyrkja feirar 150 års jubiléum, er det 75 år sidan det første Fotlandsstemne. I den første tida var Fotlandstemna ved fossen. Det var misjonær Kristoffer Fotland sitt arbeid som skapte Fotlandstemnet og engasjementet for Misjonsalliansen.

Gudstenesta byrjar kl.11:00. IMF brass Bryne vert med og spelar. Det vert offer til Misjonsalliansen. Om nokon ønskjer dåp i denne gudstenesta, vert det høve til det.

Etter gudstenesta er det høve til å besøkja mølla, kjøpa kaffimat og sjå utstillinga. Det er òg vel verd å bruka tid til å sjå kraftstasjonen på andre sida av elva.

Om veret tvingar oss i hus, vert gudstenesta flytta til Fotland bedehus.

Praktisk:

- Parker ved parkeringsplassen ovanfor kraftstasjonen eller ved Fotland bedehus.
- Ta med stol eller sitteunderlag.
- Terrenget kan vera fuktig så tenk på det i val av skotøy. Elles får me kle oss etter veret.

Kyrkja stengd

Når Helgedagen kjem ut, reknar me med at Time kyrkje er stengd. Nødvendig og etterlengta arbeid for å gjera kyrkja betre tilgjengeleg for alle skal gjerast. Det skal bli mogleg å bruka hovudinngangen for alle som vil inn, utan omsyn til rørsleevne. Golvet i midtgangen skal stiga gradvis til det om lag midt i kyrkja vert plant med golvet under benkene. Nokre benker vert opna opp slik at det vert betre plass for dei som treng det. Koret vert noko utvida og lettare tilgjengeleg. Me får betre lys og nytt lydanlegg.

Medan kyrkja er stengd, skal dei som ønskjer kyrkja sine tenester få dei.

Gravferd

Gravferdene vert lagt til Undheim kapell eller Bryne kyrkje. Det vert køyring til

kyrkjegarden. *Undheim kapell* er stor nok til dei fleste av gravferdene. Av omsyn til trafikken bed me om at ein vel *Undheim kapell* til gravferd. Det vert mykje enklare å køyra eit gravfylgje frå Undheim til Time enn det vert å køyra gjennom Bryne sentrum.

Vigsel

Brudepara må sjølv velja om dei vil bruka *Undheim kyrkje* eller *Bryne kyrkje*.

Dåp

Dåp må leggjast til *ei av dei gudstenestene i kommunen*. Ved stor pågang vil me ha eigne dåpsgudstenester i Bryne kyrkje. Gudstenester

Dei gudstenestene som skulle ha vore i Time kyrkje, vert flytta til andre stader i Time sokn.

4 gudstenester vert flytta sjølv om kyrkja skulle vere open den dagen:

- 14. juni på Tingvollen
- 23. august ved Fotlandsfossen
- 6. september i Brekko kapell. Felles familiegudsteneste for sokna i Time.
- 20. september i Hognesta-hallen. Haustakkefest.

Dersom kyrkja er stengd, vert desse gudstenestene flytta til Lye forsamlingshus:

- 31.mai (Pinsedag); 5. juli; 18. oktober; 1. november.

Dersom kyrkja er stengd, vert desse gudstenestene flytta til Undheim kapell:

- 2. august; 4. oktober

Jubiléumsgudstenesta vert 15. november i Time kyrkje.

Jubiléumsfeiringa vert avslutta i Time kyrkje

13. desember med "Fest i Guds hus".

Følg med på annonsar i Jærbladet.

Ny prost i Jæren prosti



Tidlegare generasjonar brukte bibeltekstar og kristne symbol på godt synlege plasser i heimane sine. Dette tykkjer den nye prosten er ein god arv å ta med seg vidare, sjå framsida.

Den nye prosten, Kjell Børge Tjemsland, og kona, Astrid

Kjell Børge Tjemsland heiter den nye prosten og er frå Austrått ved Sandnes. Han er gift med Astrid som kjem frå Søndeled ved Risør. Astrid er lærar og Kjell Børge har si utdanning frå Misjonsskolen i Stavanger. Første arbeidsplass vart Hongkong, som misjonærar for Det norske misjonsselskap. Der tenestegjorde dei i elleve år. Fire vaksne barn og tre barnebarn tel familien i dag.

Heime i Norge igjen fortsette dei som prestefolk i Gand menighet. Dei siste åra har Kjell Børge vore misjonskonsulent knytt til bispekontoret i Stavanger. Han har leida arbeidet med SMM, Samarbeid for menighet og misjon. Seks misjonsorganisasjonar står bak dette, og konsulenten si oppgåve er å leggja til rette for misjonsengasjement i kyrkjelydane i heile bispedømet.

Misjonsinteressa vert nok ikkje lagt på hylla sjølv om han nå får ansvar for prestane i Jæren prosti, dvs. i dei fire kommunane Gjesdal, Klepp, Time og Hå. I samtalen kjem det klart fram kva han tenkjer om tenesta framover. Han samlar tankane om det i tre punkt.

Først ynskjer han å kunna oppmuntra, heia på folk, gi tilbakemeldingar og peika på at det kyrkja driv med nyttar. Han ser det også som viktig at det vert arbeidd tverrfagleg i kyrkjelydsarbeidet, at samarbeidet mellom dei tilsette fungerer godt til nytte for alle, og at sokneråda er tydelege i sine visjonar og strategiar.

Kristent frimod kan vera stikkord for tankane i det andre punktet, understrekar Kjell Børge. Vi skal vere rausa og opne for annleis tenkjande og folk av andre religionar. Men me må ha eit frimodig vitnesbyrd om vår eiga tru som sanning, seier han. Han nemner serleg at bordbønna ikkje burde vere ute på dato verken heime eller ute blant folk. At tidlegare generasjonar brukte bibeltekstar og kristne symbol på godt synlege plasser i heimane sine, tykkjer den nye prosten er ein god arv å ta med seg vidare. Frimod og stolhet for kristen namnet burde prega oss meir.

Det tredje punktet gjeld den nye gudstenestereforma som snart skal innførast i kyrkja. Han vil arbeida saman med kyrkjelydane for at alt det nye kan gli inn

på ein god måte, og at folk kan få vera med i prosessen. Trusopplæringsforma, som vi alt er i gang med, er også viktig å lukkast med. Då skal alle kyrkjelydane ha sine faste budsjett for å ta hand om undervisning for dåpsborna ettersom dei veks til.

“Ten Herren med glede”, høyrer me ofte som det siste i gudstenesta. Etter samtalen med Astrid og Kjell Børge Tjemsland har eg ei kjensle av at det er akkurat det desse to ynskjer og vil.

Hjarteleg velkommen til Time og til prestegarden etterkvart. Det er ikkje nytt og framandt å verta jærboar. Som nyutdanna hadde Astrid sine første lærarpostar på Tu og Engelsvoll skule, og i den tida budde dei både på Kleppe og Tu. Nå underviser ho på vaksenopplæringa i Sandnes kommune. Dialekten røpar på ingen måte at det fins røter på Jæren, men morfar var frå Varhaug og heitte Lars Sæland.

Frå 15. mai har prosten vore på plass på kyrkjekontoret på Bryne. Dei gler seg begge til å ta fatt på nye oppgåver, og røper at dei var oppe i prestegarden for å sjå på våren der før dei møtte til denne samtalen.

Resultat frå Fasteaksjonen 2009



Tysdag før Palmesundag var det i god tradisjon også dette året innsamlingsaksjon for Kirkens Nødhjelp. Konfirmantar og konfirmantforeldre gjekk frå dør til dør og samla inn pengar til årets fasteaksjon der tema var "Klimaaksjonen SOS frå Sør".

Vi ønskjer å retta ein stor takk til alle som var med å bidra i årets aksjon: Bøsseberarar,

sjåførar, arrangørar, sponsorar, frivillige, og ikkje minst, takk til alle som var med og gav pengar. Det ble et flott resultat! Ny rekord alle stader. I heile Time vert det i år samla inn kr. 126 722,-

Fordelt på dei ulike sokn blei resultatet fylgjande:

Bryne sokn: kr. 75 748,50
Undheim sokn: kr. 15 353,00
Time sokn: kr. 35 620,50

Resultatet frå Time fordelt på dei ulike skulekrinsane:

Lye: kr. 17 472,50
Vestly og Hognestad: kr. 18 148,00



Takk for flott innsats og eit supert resultat!!

Vegen tilbake til Gud

"For så elska Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!.

Joh. 3,16

Bøn: Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen.

Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,
kto.nr. 3325.25.07057.

"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time
kto.nr. 3325.21.30859.

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste
ungdomsarbeidar, Undheim
kto.nr. 3325.21.55657.

Undheim kapell - gåver
kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,
kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad
kto.nr. 3325.25.09270

Ungdomsarbeidar på Lye
kto.nr. 3325.25.04260

Stikk innom vår heimeside
<http://www.time-kyrkja.no>

Nærradioen med godt nytt

JÆREN MISJONS RADIO

Tryggheimsveien 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22

Sender på
FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9

Sendetider
Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
Tirsdag: 08.30 - 09.00
Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
19.30 - 21.00
Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45
Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

Kirkens SOS
EIT MENNESKE Å SNACKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

Ein glad gjeng!



Solstreif på kyrkje- torget

Solstreif barneforeining har møte i Time kyrkje annankvar onsdag. Då held dei på i ein og ein halv time på Kyrkjetorget. Jentene, 20-25 i talet, kjem frå både Vestly og Lye, og er frå andre klasse og oppover. Dei syr eller har andre liknande aktivitetar, og har god mat som foreldre sender med. På programmet er også andakt, leik og song.

Dei har basar kvart år til inntekt for Misjonsalliansen, og på siste basaren nå i mars, fekk dei inn ca 9000 kr til eit prosjekt i Ecuador. Dei har og eit fjernadoptivbarn som dei støttar med ca 2000 kr i året.

Denne barneforeininga er ikkje av ny dato. Mange jenter i Time-bygda har gjennom åra vore med her. Dei begynte med å støtta ein misjonær frå Time, Kristoffer Fotland i Misjonsalliansen.

Dei to leiarane i barneforeininga i dag heiter Berit Time Bø og Siv Egeland.

"ALT ER GILDT!"

Helgedagen var på besøk på siste møtet før påske, og då var aktiviteten stor med å pynta fine påske-egg! Det var berre så vidt dei hadde tid til prat og fotografering. Jentene fortel at det er kjekt å laga ting. Dei har og sytøy som dei held på med etter at egga er ferdige. Desse syarbeida blir lodda ut på basaren, og dei har ei lur løysing med gratislodd - slik at dei kan vinna tilbake sitt eige arbeid på basaren.

Etter ei stund med praktisk arbeid, er det andakt. Jentene er ivrige til å svara på spørsmål, og følgjer godt med. Maten kjem på bordet til slutt. Det er tydeleg at trivselsfaktoren er høg her i barneforeininga. "Alt er gildt!" seier dei. Dei fleste kjende nokon frå før då dei begynte, og fleire held på heilt til 7. klasse.

To av jentene, Amalie Time Bø og Miriam Håvardsholm, har halde på endå lengre. Dei går nå på ungdomsskulen, og er med som hjelpe-leiarar. Det kjem vel med å ha nokre ekstra hender til hjelp når tråden ikkje vil inn på nåla, og ikkje minst så er dei flinke med nye songar der jentene kan få røra litt på seg.

Helgedagens utsende tenkjer at "Solstreif" passar godt på fleire måtar som namn på foreininga: Det har vore ein solglytt i kvardagen å få treffa små og store denne ettermiddagen på Kyrkjetorget.

Konsentrasjon om påske-egg!



Tid for sytøyet.



Godt med ekstra hjelpar.



Desse har me laga sjølve!



Litt hjelp er godt å få.




Mange flotte egg under arbeid.



Song-glede



Kyrkjelydstur til Oberammergau



Sommaren 2010 vert det kyrkjelydstur for Bryne kyrkjelyd med pasjonsspelet i Oberammergau som hovudmål.

Tidspunkt 15.-23.juli.

Reisa går med fly Stavanger-München og med bussrundtur om Oberammergau. I tillegg til pasjonsspelet, natur- og kultur-

opplevingar, vil turen ha ekstra fokus på jødisk miljø og historie i sentral-Europa. Hovudopphaldet vert i München, Wien og Praha.

Reiseleiarar er Brit Frøyland og Stein Ødegård.

Turen er ein Shalomtur i samarbeid mellom Sabra Fokus Reiser og Den norske Israelsmisjon som Bryne kyrkjelyd har misjonsprosjekt for.

Brosjyre og påmeldingsskjema finn ein på heimesida www.time-kyrkja.no og på www.fokusreiser.no. Er det ledige plassar etter 1.juni, er det ope for påmelding også om ein ikkje høyrer til Bryne sokn.

Pasjonsspela i Oberammergau vert sett opp kvart 10. år. Dei skriv historia si tilbake til 1634, etter at landsbyen hadde blitt spart for pesten sine store herjingar. Dei eldste i landsbyen avla eit løfte til Gud om at dersom landsbyen blei spart, skulle folket i landsbyen visa Jesu lidingshistorie kvart 10. år – for all framtid. Og slik har det vorte. Frå mai til oktober stiller heile byen opp. Mennene let skjegg og hår veksa for spelet si skuld. Konkurransen blant lokalbefolkninga om hovudrollene har vore intens. Heile 1700 aktørar er med i spelet, liten og stor, ung og gamal, kvinner og menn.

I løpet av sesongen 2010 vil ca. ein halv million menneske ha sett spelet – og altså nokre som har fått med seg det gode fellesskapet som ein kyrkjelydstur inneber.

Stein Ødegård



Gjenbruksbutikk på Bryne

Det er teke initiativ til å starta ein gjenbruksbutikk på Bryne. Ein ønskjer at butikken skal ha kundegrunnlag frå både Time og Klepp.

NMS har for tida 34 gjenbruksbutikker rundt om i landet. I Sør-Rogaland er det butikkar i Egersund, Sola, Randaberg, Ålgård, Tau og Hå. Den siste butikken opna på Nærbø i mars.

Forretningsidéen til NMS-butikkane er å ta imot brukte gjenstandar kostnadsfritt og selja dei til bruktpreis.

I 2008 var totalomsetnaden ca kr 12 mill, netto vart det ca kr 8,5 mill.

Mottoet er; «Trivsel med brukt» og visjonen er:

- Misjon: - skaffa inntekter til misjonsarbeidet
- Miljø: - forvalta, ikkje bruk-og-kast, men gjenbruk
- Møteplass: - ein god stad å koma til, møta medmenneske, gjerne over ein kopp kaffi

Det vert for tida arbeida med å finna butikklokale, vi treng 200– 400 m². Så treng ein mange engasjerte medarbeidarar, 35 – 40 stk. Kven kan vera med ? Alle som ivrar for gjenbruk og/eller misjon. Dette er ei utfordring! Det er danna eit interimstyre på tre personar alle frå Bryne. Det vert arbeida for å få med 1- 3 personar frå Klepp. Ta gjene kontakt med gjenbrukskonsulenten i NMS, Per Gunnar Gramstad, tlf 40406019 eller mail; pgg@nms.no Eller de kontaktar oss i interimstyret: Liv Helga Lygren Austnaberg, tlf 977 82 853, Magnor Oma, tlf 51486702, Jan Rosland, tlf 915 93 440.

Onsdag 19. august kl 1900 vert det informasjonsmøte i Peisestova i Bryne kyrkje. Der er alle velkomne, set av kvelden nå.

Skal vi koma i gang, må vi ha mange som kan «dra lasset».

Jan Rosland



NMS Gjenbruk på Nærbø

Første mars 2009 opna NMS Gjenbruk ny butikk i Paul Aadnesen sitt lokale på Nærbø! Det finst 7 gjenbruksbutikker i Region Stavanger frå før, 31 på landsbasis, og fleire vil starte opp på nyåret. NMS Gjenbruk Nærbø vil halde ope seks dagar i veka, i vanleg forretningsstid: Måndag-fredag kl.11:00-18:00 og laurdag kl. 11:00-14:00

Butikken er rommeleg, og sel det meste: Serviser, kjøkenutstyr og nips, bilete og speglar, lampar, leiker, sportsutstyr, møblar, sykklar og barnevogner, bøker, plater, filmar, verktoy, berre fantasien set grenser.....

Varene samlast inn frå glade gjevarar. Det ein ikkje treng lenger, kan vere nyttig for ein annan.

- Vi ønskjer oss mykje varer, men alt må vere heilt,

reint og ordentleg. Vi kjem ikkje til å selje kvite- / brunevarer eller datamaskinar, seier leiaren.

Kva med klede? - Ja, viss dei er reine og i god stand, og mogleg å få selt.

Inntektene frå desse butikkane går til Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid i Norge og i misjonsland i fire verdsdelar. Første månaden (april) vart det selt varer for 146 000 kr.

- Vi treng mange medarbeidarar. Har du tid, og lyst til å vere med, kan du ta kontakt med ein av oss i styret:

Leiar Kari Ingfrid Hatteland 5143 3868,
Nestleiar Rolf Magne Lerbrekk ... 932 41 713,
Sekretær Eivind Waldeland 909 62 998,
Kasserer Thor Jonassen 915 32 408

w



Hus for norske forhold



Jernbanegaten 9, 4340 Bryne
tlf. 51 77 19 60 www.sagabo.no

TIME  SPAREBANK
- for Jæren

WACO

Forsikringsmegling as



M44

Besteforeldres drøm –
Når vi skal skjemme bort
prinsar & prinsesser



Torggt. 2, 4340 Bryne
Tlf: 51 77 76 00
Telefaks: 51 48 51 03



EiendomsMegler 1
JÆRMEGLEREN

VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS

ek Glassmesterforretning
Einar Knutsen as
Postboks 149, 4349 Bryne

TLF. 51 48 02 11.

DØGNSERVICE 971 78 180



EL-TEAM
Elektroentreprenør



I. Bjørnsen A/S
Jærv. 250, 4340 Bryne - 51 78 5020

FAGBUTIKKEN MED SERVICE

MALING BELEGG TEPPER TAPETER
GRUPPETEPPER LØPERE SOLSKJERMING

Åpent: **9-18 (14)**

FARGERIKE ROSLAND
KÅSEN • BRYNE • TLF. 51 42 60 15



Alt i bøker, musikk, rekvisita,
kort og hobby i Storgata

**Hareland
Solskjerming AS**

Innvendige persiener
Utvendige persiener
Lamellgardin
Rullegardin
Plisségardin
Screenduk
Markiser
Terrassemarkiser
Gratis måltaking!

Bjørkeveien 6 4340 Bryne. Tlf. 473 59 935
E-post: per.hareland@lyse.net



Serigstad Bygg



FRETEX

Vi gir folk grunn til
å tro på framtiden



Vakre blomster, aromatiske urter og spennende planter

bestill blomster på tlf 51 48 53 33 eller www.studioblomst.no



INTERFLORA

studio blomst - torget 5 - 4340 Bryne



Tlf. 51 48 15 50, Storgt. 19, Bryne


Bryne  Elektriske

Hognestadveien 88, 4340
Bryne - Tlf. 51 77 92 00



BYGGMEISTER
HERSDAL AS

Koinonia
KOINONIA BOK OG MUSIKK



Krogedal
Begravelsebyrå

Våre medarbeidere på Jæren:
Holger Kjølvik, Runar Apeland,
Brikt Goa og Borgny Å. Skretting

Døgnvakt
Tlf. 51 97 29 00
www.krogedal.no



Lauritz Aarsland
Tannlege
Tlf. 51 48 28 93

Fokus Bank

frisørsenteret
alltid ute etter fremragende folk


952 99 844: JÆRPRINT
TRYKKERI & DESIGN



VARDHEIVG. 60, BRYNE - trykkeri@jprint.no



*God
sommar*





På jakt etter neste oppgave - kor kan han vere?



"Kva hørde dei i Jerusalem då læresveinane fekk Den heilage Ande....?" Det var mange spørsmål under 50-leiken som absolutt var lettast å svare på om ein hadde høyrte godt etter – og det hadde dei, sjølv om det var ein som tenkte litt på helikopter....



For så høgt har Gud elska verda..... Bibelvers er lettast å lære når vi syng dei.



"Og popcorn skulle liksom vere så mjuk og gode.... ?? " Alle ungane veit at det er noko som manglar.

STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

3.klassingar som deltar i "Størst av alt" er med på spennande samlingar – her er høgt tempo og mykje moro! Aktivitetsspenet er stort. Her er alt frå lystenning, song og bønnevandring til skattejakt, ballongsus og 50-leik ute. På biletet frå Kristi himmelfart forsvinn Jesus bak skya når ein dreg i snora. Kvar samling har ei tenkjeoppgåve: Kva er det mest dyrebare Gud har gøymt i hjarta sitt? Kven er på vinnarlaget og får den store gullmedaljen? CD-spelaren verkar ikkje – kva manglar? Svara kjem vi fram til i løpet av samlinga. Men kvifor har vi sett fram eit glas upoppa popcorn? spør ein 3.klassing! Det har noko med Guds kjærleik og Den heilage Ande å gjere....!

Samlingane har fokus på dei kyrkjelege høgtidene no på våren – vi lærer om Kristi himmelfartsdag og pinse. Kyrkja har "bursdag" i pinsa – det er det grunn til å feire!

Trusopplæring

"Størst av alt" er opplæring i den trua barna er døypt til. Den viktigaste trusopplæringa får barna heime. I dei nære relasjonane lærer det vesle barnet tryggleik og tillit. Dette er viktige grunnsteinar for å utvikle ei eiga sunn,

tillitsfull Gudstru. Tidleg er song og bøn viktige kjelder for formidling av barnetrua, og snart følgjer vi opp med bibelforteljingar og samtalar.

Kyrkja ønskjer å vere ein ressurs for foreldre og fadrar når det gjeld trusopplæring. Derfor inviterer vi til ulike samlingar for ca. anna kvart årstrinn. Mange av årets 3.klassingar er alt klare for neste runde trusopplæring. "Gler meg til 5.klasse – då skal vi sove i kyrkja!" fortel ein gut ivrig. Eldre søsken har fortalt kor kjekt det var.

Det er flott å sjå igjen mange av dei ungane vi har blitt kjende med som 4- og 6-åringar. No kjem dei som 3.klassingar og gler seg til 5.klasse. Likevel ser vi at det kunne vore endå fleire som vel trusopplæring for ungane sine. Dette er ikkje først og fremst endå ein fritidsaktivitet. Trusopplæring er eit verdival. Vi gler oss over dei om lag 60 ungane som har vore med på "Størst av alt" i denne runden – det har vore tre flotte samlingar på Lye/Vestly, Hognestad og Bryne. Takk til positive og velvillige foreldre som på ulikt vis har hjulpet til!

Jorunn Ueland

Denne hausten skal kyrkjevalet haldast samstundes med stortingsvalet. Kyrkjevalet er også for fyrste gong delt i to. I tillegg til val av nye sokneråd, skal det denne gongen vera direkte val av bispedømmeråd og utsendingar til kyrkjemøtet.

Til nå har valdeltakinga ved dei kyrkelege vala vore låg. I 2005 stemde 4,2 % av dei med stemmerett ved soknerådsvala på landsplan. Nå vert det satsa på å gjera vala lettare å få auge på og lettare å forstå. Kandidatane skal presenterast grundig, og alle kyrkja sine medlemmer skal utfordrast til å bruka stemmeretten.

Listene til soknerådsvala i dei tre sokna i Time ser du til høgre på denne sida. Rundt 15. mai blir også kandidatane til bispedømmeråd og kyrkjemøte offentleggjorde. Etter det kan grupper på minst 50 kyrkjemedlemmer frå minst to av Stavanger bispedømme sine 10 prosti gå saman om å føreslå andre kandidatar, med frist til 15. juni.

Frå 10. august vert det råd å førehandsrøysta. Førehandsrøystinga for alle sokn i Time kommune vert på kyrjekontoret på Bryne. Det kan førehandsrøystast

kvar som helst i landet, med frist til 4. september dersom ein røystar utanom heimkommunen sin.

På Bryne og på Frøyland vert valet, som stortingsvalet denne gongen, halde over to dagar, sundag 13. og måndag 14. september. På Undheim, Lye, Vestly og Hognestad vert det bare val måndag 14. september. Vallokalet vert i nær tilknytning til lokalet for stortingsvalet. Opningstidene for vallokala i Time vert slik:

- Bryne 09.00 – 21.00
- Frøyland 09.00 – 21.00
- Lye 09.00 – 21.00
- Undheim 12.00 – 21.00
- Vestly 12.00 – 21.00
- Hognestad 12.00 – 21.00

Denne gongen vert det ikkje høve til å røysta i kyrkjene.

Etter kvart vil ein kunne henta informasjon om valet og kandidatane fleire stadar, mellom anna på www.kyrkja.no og www.kyrkja.no/stavanger.

Kandidatlistar til soknerådsvalet

Time sokn

Måndag 14. september 2009

Kandidatar:

1. Amund Undheim
2. Arne Heggheim
3. Irene Grødem
4. Hermund Lende
5. Solveig Hetland
6. Marit Fotland
7. Torleif Vestly
8. Målfrid Digernes
9. Karin Friestad
10. Miriam Risa Lende
11. Aslaug Tveit Berge

Forslagsstillarar:

Møyfrid Stokka, Willy Finnbakk, Kristine Braut, Geir Fosse, Brynhild S. Andersen, Marit Skrudland, Arne Heggheim, Amund Undheim, Solveig Hetland og Ragnhild Dyngeland

Undheim sokn

Måndag 14. september 2009

1. Gerd Solveig Vikebakk Aarrestad
2. Kåre Sigurd Undheim
3. Rita Gudmestad

4. Ivar Risa
5. Elisabeth Fosse
6. Nina Fosse
7. Jartrud Gudmestad Undheim

Forslagsstillarar:

Steinar Sandvik, Judith Bjelland, Svein Fosse, Nordin Sikveland, Marta Dagestad Undheim, Petter Aarrestad, Kari Nina Skare Sikveland, Astri Synnøve Lauvsnes Tunheim, Hanne Brit Sandsmark, Nils Garborg Reiten

Bryne sokn

Sundag 13. og måndag 14. september

1. Solveig Martinsen
2. Magnor Oma
3. Brit Frøyland
4. Tor Magnus Sivertsen
5. Synnøve Hatle
6. Rolf Heskestad
7. Liv Serigstad

Forslagsstillarar:

Ruth Stabel Berg, Annlaug Ferking, Gabriel Tengsareid, Inger Kristine Løge, Hans Tore Hetland, Frank Bjørnø, Leif Andenes, Jan Rosland, Else-Marie Bue, Ane U. Brudeli

SOMMAR I KYRKJENE I JÆREN PROSTI 2009

Om det ikkje er gudsteneste i kyrkja di, er du hjarteleg velkommen i ei av dei andre!

SUNDAG 21. JUNI 3. s. e. pinse

Bryne kyrkje kl 19.00.	Nattverd. Gunnar Frøyland. Per Olav Egeland.
Lye forsamlingshus kl 10.30.	Gunnar Frøyland.
Undheim kapell kl 10.30.	Dåp. Per Børge Hillestad. Kari Kaald Reiten.
Friluft Ogna, Åsane kl 11.00.	Jan Roald Dahlstrøm. Korpset.
Nærbø kyrkje kl 11.00.	Nattverd. Gaute Ø. Rasmussen. Bjarte Lending.
Dirdal kyrkje kl 11.00.	Familiegudsteneste. Sigve Sande. Ragnhild E. Hoel.
Ålgård kyrkje kl 11.00.	Dåp. Nattverd. Erik Tangedal. Arne Warem.
Bore kyrkje kl 11.00.	Nattverd. Arnt Askildsen. Ove Byberg.
Klepp kyrkje kl 11.00.	Nattverd. Andreas Haarr. Laila Gravdal.



TYSDAG 23. JUNI – Jonsok

Orre kyrkje kl 19.00	Dåp. Andreas Haarr. Arne Hadland.
----------------------	-----------------------------------

ONSDAG 24. JUNI – Jonsok

Pilegrimsvandring. Start kl 18.00	frå 1000-årsplatsen på Obrestad til Kristkrossen på Njærheim.
-----------------------------------	---

SUNDAG 28. JUNI 4. s. e. pinse

Bryne kyrkje kl 11.00.	Dåp. Gunnar Frøyland. Oddny Underhaug.
Ogna kyrkje kl 11.00.	Nattverd. Roald Byberg. Geir Palle Haarr.
Varhaug kyrkje kl 09.30.	Nattverd. Jan Roald Dahlstrøm. Bjarte Lending.
Nærbø kyrkje kl 11.00.	Dåp. Jan Roald Dahlstrøm. Bjarte Lending.
Oltedal kyrkje kl 19.30.	Nattverd. Egil Eggen. Sigmund Haaland.
Ålgård kyrkje kl 11.00.	Jan Harald Jaabæk. Ragnhild E. Hoel.
Frøyland og Orstad kyrkje kl 10.30.	Dåp. Andreas Haarr.



SUNDAG 5. JULI 5. s. e. pinse

Lye forsamlingshus kl 11.00.	Dåp. Nattverd. Gunnar Frøyland. Oddny Underhaug
Varhaug kyrkje kl 11.00.	Dåp. Jan Roald Dahlstrøm. Bjarte Lending.
Dirdal kyrkje kl 11.00.	Dåp. Jan Harald Jaabæk. Ragnhild E. Hoel.
Klepp kyrkje kl 11.00.	Dåp. Nattverd. Andreas Haarr. Arne Hadland.

SUNDAG 12. JULI 6. s. e. pinse

Bryne kyrkje kl 11.00.	Dåp. Stein Ødegård. Oddny Underhaug
Ogna kyrkje kl 11.00.	Nattverd. Gunnar Frøyland.
Nærbø kyrkje kl 11.00.	Dåp. Jan Roald Dahlstrøm. Bjarte Lending.
Gjesdal kyrkje kl 11.00.	Dåp. Jan Harald Jaabæk. Arne Warem.
Bore kyrkje kl 11.00.	Dåp. Nattverd. Åsmund Steinnes. Ove Byberg.

SUNDAG 19. JULI 7. s. e. pinse

Undheim kapell kl 10.30.	Nattverd. Per Børge Hillestad. Oddny Underhaug
Varhaug kyrkje kl 11.00.	Dåp. Gaute Ø. Rasmussen. Geir Palle Haarr.
Ålgård kyrkje kl 11.00.	Dåp. Nattverd. Tor Olav Varhaug. Arne Warem.
Orre kyrkje kl 11.00.	Dåp. Nattverd. Åsmund Steinnes. Ove Byberg.

SUNDAG 26. JULI 8. s. e. pinse'

Bryne kyrkje kl 11.00.	Dåp. Nattverd. Stein Ødegård. Per Olav Egeland
Ogna kyrkje kl 11.00.	Dåp. Roald Byberg. Geir Palle Haarr.



NÆRBØ KYRKJE kl 11.00.

Oltedal kyrkje kl 11.00.

Frøyland og Orstad kyrkje kl 10.30.

Dåp. Gaute Ø. Rasmussen.

Dåp. Nattverd. Sigve Sande. Arne Warem.

Dåp. Arnt Askildsen.

ONSDAG 29. JULI - OLSOK

Pilegrimsvandring. Start kl 16.30

Varhaug gml. kyrkjegard kl 19.00.

Gjesdal kyrkje kl 19.00.

Orre kyrkje kl 18.00.

Orre kyrkje kl 19.30.

frå 1000-årsplassen på Obrestad til Varhaug kapell.

Gaute Ø. Rasmussen. Friluftsgudsteneste, ta med stol.

Sigve Sande. Sigmund Haaland.

Dåpsgudsteneste. Arnt Askildsen. Laila Gravdal.

Gudsteneste. Arnt Askildsen. Laila Gravdal.

SUNDAG 2. AUGUST 9. s. e. pinse

Undheim kapell kl 11.00.

Nærbø kyrkje kl 11.00.

Varhaug kyrkje kl 11.00.

Ålgård kyrkje kl 11.00.

Dirdal kyrkje kl 19.30.

Klepp kyrkje kl 11.00.

Dåp og nattverd. Kjell Børge Tjemsland. Per Olav Egeland.


Nattverd. Roald Byberg. Geir Palle Haarr.

Nattverd. Gaute Ø. Rasmussen. Morten Helvig.

Dåp. Nattverd. Sigve Sande. Sigmund Haaland.

Nattverd. Sigve Sande. Sigmund Haaland.

Dåp. Nattverd. Arnt Askildsen. Laila Gravdal.



SUNDAG 9. AUGUST 10. s. e. pinse

Bryne kyrke kl 11.00.

Ogna kyrkje kl 11.00.

Nærbø kyrkje kl 11.00.

Oltedal kyrkje kl 11.00.

Bore kyrkje kl 11.00.

Dåp. Kjell Børge Tjemsland. Per Olav Egeland.

Nattverd. Roald Byberg. Geir Palle Haarr.

Dåp. Gaute Ø. Rasmussen. Morten Helvig.

Dåp. Sigve Sande. Sigmund Haaland.

Dåp. Nattverd. Arnt Askildsen. Ove Byberg.

SUNDAG 16. AUGUST 11. s. e. pinse

Lyeparken kl 12.00.

Undheim kapell kl 10.30.

Bryne kyrkje kl 11.00.

Ogna kyrkje kl 11.00.

Nærbø kyrkje kl 11.00

Varhaug kyrkje kl 11.00.

"Perlå", Ålgård kl 11.00.

Friluftsgudsteneste

Pilegrimsvandring. Start kl 14.00

Kjell Børge Tjemsland.

Per Børge Hillestad.

Nattverd. Stein Ødegård. Per Olav Egeland.

Dåp. Gaute Ø. Rasmussen. Geir Palle Haarr.

Nattverd. Jan Roald Dahlstrøm. Bjarte Lending.

Dåp. Roald Byberg. Morten Helvig.

Gudsteneste i forbindelse med Vannfestivalen.

i Amfiet Frøyland og Orstad kl 10.30. Nattverd. Arnt Askildsen.

frå Hå gamle prestegard til Kristkrossen på

SUNDAG 23. AUGUST 12. s. e. pinse

Time vidaregåande skule kl 11.00.

Friluft ved Fotlandsfossen kl 11.00.

Bryne kyrkje kl 19.00.

Ogna kyrkje kl 11.00.

Nærbø kyrkje kl 11.00.

Varhaug kyrkje kl 11.00.

Oltedal kyrkje kl 11.00.

Frøyland og Orstad kyrkje kl 10.30.

Bore kyrkje kl 11.00.

Klepp kyrkje kl 11.00.

Orre kyrkje kl 11.00.

Familiegudsteneste. Leif Oscar Reiestad.

Fotlandstemne. Gunnar Frøyland. Oddny Underhaug.

Nattverd. Stein Ødegård. Oddny Underhaug.

Nattverd. Jan Roald Dahlstrøm. Geir Palle Haarr.

Nattverd. Vikarprest. Bjarte Lending.

Nattverd. Gaute Ø. Rasmussen. Morten Helvig

Nattverd. Jan Harald Jaabæk. Ragnhild E. Hoel.

Arnt Askildsen.

Nattverd. Åsmund Steinnes. Ove Byberg.

Andreas Haarr. Laila Gravdal.

Vikarprest. Arne Hadland.



K O N F I R M A S J O N

SJØMANNSKYRKJE- KONFIRMASJON

To av konfirmantane våre, Maren og Siril Åsheim, har budd i Angola det siste året. Dei har følgd konfirmant-opplegget som sjømannskyrkja har på internett. Konfirmasjonen deira blir 9. august i Bryne kyrkje.

SOMMARKONFIRMANTAR

Det er i år 20 sommarkonfirmantar. Dei har hatt litt undervisning, vore saman med resten av konfirmantkullet på konsert og samla inn pengar til Kirkens Nødhjelp. Nå gler dei seg veldig til å reisa på KonfCamp første veka i juli. KonfCamp er på Skjærgårds Mission & Music festival, og er ein eigen leir i leiren. Her vil dei blant anna få: Eige opplegg frå morgonen fram til middag, bibel-timehappening med konkurransar, eige husband, lovsong, livsnær forkyning, eigne aktivitetstilbod og ikkje minst: Tid til å bli betre kjende med kvarandre – og Gud. Konfirmasjonen deira er 6. september i Bryne kyrkje.

KONFIRMASJONAR I TIME I 2010 OG 2011

Det er nå sendt ut brev til åttandeklassingane med konfirmantinvitasjon. Innskriving skjer fortløpande til

2010

2. mai: Bryne kyrkje
9. mai: Time kyrkje
13. mai (Kristi himmelfartsdag):
Undheim kapell
5. september: Bryne kyrkje
(sommarkonfirmantane)

Konfirmantar 9. august i Bryne kyrkje

Maren Åsheim
Siril Åsheim

Konfirmantar 6. september i Bryne kyrkje

Marita Nakamura Brekkå
Ragnhild Espevik
Hanna Fjeldsaa
Robin Jakobsen Hadland
Ester Alemayehu Hatle
Lars-Rune Haugland
Hanna Hetland
Liv Rasdal Håland
Helene Håland
Arve Kristiansen
Chris Andre Kjærland Midttveit
Dagfinn Nærland
Silje Ree
Frode Rosland
Kristian Salamonsen
Ole Morten Aga Salte
Jan Ingve Tjåland
Magnus Undheim
Tonje Lindland Østhus
Katrine Aarbakke

kyrkjekontoret. Ta kontakt viss de ikkje har mottatt invitasjon. Konfirmasjonane for dei to neste åra vert:

2011

1. mai: Undheim kapell
8. mai: Bryne kyrkje
15. mai: Time kyrkje
4. september: Bryne kyrkje
(sommarkonfirmantane)

Nytt tilbod i Bryne kyrkje hausten 2009: Junior 9-13

Hausten 2009 startar Bryne kyrkjelyd opp tilbod for aldersgruppa 9-13 år (4-7. klasse). Det blir ulike aktivitetar, kafè og bibeldigg. Junior 9-13 blir annankvar torsdag kl 17.30-19.30. Det trengs mange hjelparar for å få eit godt tilbod, og det er framleis muleg å melda seg til å vera med som hjelpar. Meir informasjon om tilbodet kjem i neste nummer av Helgedagen.

Herre, du som kaller

*Herre, du som kaller på oss alle,
du som hører oss og våre bønner,
takk for gledesdagen som du gir oss.
Gå med oss i dag og alle dager.*

*Herre, hør vår bønn for våre unge,
du som kjenner alle deres tanker.
Gi dem mot og vilje til å leve.
Gå med oss i dag og alle dager.*

*Herre, takk for at du vil gå med dem
gjennom alt de kommer til å møte.
Hold dem fast og gi dem troens
trygghet.
Gå med dem i dag og alle dager.*

*Herre, hjelp oss så vi aldri glemmer
vi er tegnet med ditt kors for livet.
Vis oss hvilket håp vi dermed eier.
Gå med oss i dag og alle dager.*

Sindre Eide

Salmer 97, nr 99

DØYPTE



BRYNE KYRKJE

Liv Sandve, Odin Malmin, Oliver Hognestad-Selland, Benjamin Afseth Håland, Magnus Lystrup Lie, Linus Lende, Magnus Hafver Jacobsen, Lilly Lende Hove, Teolai Garderhagen,

Emil Fosse, Tone Mariann Håland, Karoline Jaarvik, Amalie Langeland Corneliussen, Lukas Førland, Elina Fossmark Ditlefsen, Emma Kvalvik

LYE FORSMALINGSHUS

Olaf Petkovic Herigstad, Samuel Trygvald Thorsen

UNDHEIM KAPELL

Milian Lode, Emilie Dyngeland Vetle Selbak

TIME KYRKJE

Trond-André Heskje, Hannah Linnéa Garpestad-Serrie, Adrian Vigre Rugland, Leif Andre Dallavara Haugstad, Lina Steinsland Mapfumba,

Mathilde Liland-Vik, Rita Haugland, Joachim Brekken Myklatun, Tobias Nedrebø, Sondre Osaland Henriksen, Sarah Auestad Tjelta

UNDHEIM KAPELL

Viktoria Savedra Haaland, Noa Aarrestad, Sebastian Sele Bore

BORN FRÅ TIME DØYPT ANDRE STADER

Olav Alejandro Contrera Røstad, Birkenes kyrkje Adine Evanna Alstad Odde, Ørland kyrkje

VIGDE



Henriette Skjørshammer og Jon Garman Laland, Kathrine Horve Larsen og Kay Even Osnes,

Irene Birkeland og Kristian Steinnes, Torbjørg Undheim og Tore Johannessen, Bjørghill Rimestad og Harald Kvernstrøm



DØDE

Magnus Magnusson, Ingebrigt Høyland, Andreas Vestly, Torbjørn Steinar Gudmestad, Leif R. Salte, Solveig Orre, Arthur Frøyland, Harald Ødegaard, Ola R. Ree

Velkommen til
gudsteneste

7. juni

Bryne kyrkje

Lye forsamlingshus

Undheim kapell

1. s. e. pinse

kl. 11.00

kl. 10.30

kl. 10.30

Joh 3, 1 – 15

Gudsteneste. Dåp

Gudsteneste

Gudsteneste. Nattverd

14. juni

Bryne kyrkje

* Time kyrkje

2. s. e. pinse

kl. 11.00

kl. 11.00

Joh 3, 16 – 21

Kyrkjelydstur til Brekko

150 års jubileum på Time gml prestegard på Lye

21. juni

Bryne kyrkje

Lye forsamlingshus

Undheim kapell

3. s. e. pinse

kl. 11.00

kl. 10.30

kl. 10.30

Luk 14, 16 – 24

Gudsteneste. Dåp

Gudsteneste

Gudsteneste. Dåp

28. juni

Bryne kyrkje

4. s. e. pinse

kl. 11.00

Luk 15, 1 – 10

Gudsteneste. Nattverd

5. juli

* Lye forsamlingshus

5. s.e. pinse

kl. 11.00

Jak 4, 11 - 12

Gudsteneste. Dåp. Nattverd



Velkomen til

gudsteneste

Skyss til gudstenesta

BRYNE KYRKJE:
Sverre M. Lima
51 48 21 33

Jonas Frøyland
41 30 04 68

Garbriel Tengsareid
51 48 28 98

før kl. 10.00.

TIME KYRKJE:
Helga Garborg
51 48 71 61

Dorte Haugland
51 48 70 04

før kl. 09.30.

12. juli	6. s.e. pinse	Luk 5, 1 – 11
Bryne kyrkje	kl. 11.00	Gudsteneste. Dåp
19. juli	7. s.e. pinse	Matt 5, 20 – 24
Undheim kapell	kl. 10.30	Gudsteneste. Nattverd
26. juli	8. s.e. pinse	Mark 8, 1 – 9
Bryne kyrkje	kl. 11.00	Gudsteneste. Dåp. Nattverd
2. august	9. s.e. pinse	Matt 7, 15 – 20
* Undheim kapell	kl. 11.00	Gudsteneste. Dåp. Nattverd
9. august	10. s.e. pinse	Sal 8, 4 – 10
Bryne kyrkje	kl. 11.00	Gudsteneste. Dåp. Sjømannskyrkje-konfirmasjon
16. august	11. s.e. pinse	Luk 19, 41 – 48
Bryne kyrkje	kl. 11.00	Gudsteneste. Nattverd
Lye forsamlingshus	kl. 12.00	Friluftsgudsteneste i Lyeparken
Undheim kapell	kl. 10.30	Gudsteneste.
23. august	12. s.e. pinse	Luk 18, 9 – 14
Bryne kyrkje	kl. 19.00	Kveldsgudsteneste. Nattverd
* Fotlandsfossen	kl. 11..00	Friluftsgudsteneste. Fotlandstemne
Time vgs (Rosseland)	kl. 11.00	Gudsteneste
30. august	13. s.e. pinse	Mark 7, 31 – 37
Bryne kyrkje	kl. 11.00	Gudsteneste. Dåp Konfirmantane deltek
Lye forsamlingshus	kl. 10.30	Gudsteneste.
Undheim kapell	kl. 10.30	Gudsteneste. Presentasjon av konfirmantane
6. september	14. s.e. pinse	Luk 10, 25 – 37
Bryne kyrkje	kl. 11.00	Konfirmasjonsgudsteneste
* Brekko	kl. 11.00	Prestegjeldsgudsteneste. Nattverd
13. september	15. s.e. pinse	Sal 116, 12 – 16
Bryne kyrkje	kl. 11.00	Familiegudsteneste. Dåp. Presen- tasjon av konfirmantane
Bryne kyrkje	kl. 18.00	Sundagstreff / gudst. kl. 19.00. Arr. er tilret- telagt for menneske med utviklingshemming
Lye forsamlingshus	kl. 10.30	Gudsteneste. Presentasjon av konfirmantane
Undheim kapell	kl. 10.30	Gudsteneste
20. september	16. s.e. pinse	Matt 6, 24 – 34
Bryne kyrkje	kl. 19.00	Kveldsgudsteneste. Nattverd
* Hognestadhallen	kl. 11.00	Familiegudsteneste. Hausttakkefest. Presentasjon av konfirmantane
Time vgs.	kl. 11.00	Gudsteneste
27. september	17. s.e. pinse	Joh 11, 17 -27 og 37 – 44
Bryne kyrkje	kl. 11.00	Familiegudsteneste. Dåp. Hausttakkefest
Lye forsamlingshus	kl. 10.30	Gudsteneste
Undheim kapell	kl. 10.30	Gudsteneste

• Gudstenester merka med * er Time kyrkjelyd sine gudstenester som pga stenging av Time kyrkje vert haldne andre stadar.